

Rosendal tapte 2-1 like før slutt

30.07.2011



Rosendal-laget har all grunn til å vera fornøgd

**Under ein spennande kamp med sigersmål berre 4 minuttar før slutt
tapte Rosendal-jentene med 3 uskedelingar på laget for Rogaland-
laget Hinna. Resultatet vart 2-1 i B-finalekampen i Hjørring i føremiddag.**

Det låg lenge an til ekstraomgangar, men slik skulle det altså ikkje gå. Uansett er dette ein av dei beste prestasjonane i laget si historie og alle er godt nøgde med innsatsen.

Det var uskedelingen Ingebjørg Haugland som scora for Rosendal..
Ho har gjort ein storinnsats i likhet med dei andre på laget. Dei
2 andre uskedelingane er Anne Marthe Guddal Zimmer og Kathrine
Yri Røssland.